

Til

Vår ref.:
19/01152-17

Dato:
12.11.19

Referat IDF - møte 9/19 (4.11.19)

Kl 09.30 – 12.00

Møtet starta med omvising i K2 med påfølgande møte i styrerommet i K1.

Til stades

Arbeidsgjevar

Knut Kismul	Prosjektleder
Knut Vindenes	Prosjektleder
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleder
Lars Petter Aasheim	Rådgjevar

Arbeidstakar

Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Kari Smørås Brakstad	Parat
Kristin Moe	Norsk sykepleierforbund
Tina Åsgård	NTL

Knut Vindenes orienterte om status i prosjektet, mellom anna interiørkonsept, interiørløysingane, og risikostyringsprosess. Kva gjelder risikostyring blei det informert om at risikobilete først vil bli klarlagt etter at PWC er blitt kopla på.

NTL var oppteke av at det er viktig at risikomementa som vart påpeikt av arbeidstilsynet blir tatt med i risikobilete.

Knut Vindenes seier at styringsgruppa har vedteke eit prinsipp om etasjevise heimesoner for å kunne ha tilstrekkeleg fleksibilitet. Vidare seier Knut Vindenes at det er valt torg med lik profil i etasjane, og at det er ønskeleg med vertikal mobilitet i bygget. Det vert også orientert om bruk av mulitromma, og stillerom.

NTL stilte spørsmål om kordan ergonomi skal løysast i et ABA-konsept der folk ikkje skal ha f.eks. eigen stol, men flytte frå plass til plass og stol til stol. Dette skapar utfordringar for tilsette med spesialstolar. I tillegg er det ein risiko for at omfanget av belastningsplager vil auke blant tilsette generelt på grunn av manglande ergonomisk utforming av arbeidsplassen, slik også nyare forskning på området har vist.

Knut Vindenes seier bedriftshelsetenesta skal delta i vurderinga av ergonomi og arbeidspasstilpassingar, og at det vil bli variasjon av stolar. Ved behov må vi finne løysing på individuelt tilpassa stolar.

Arbeidsgjevar viste til brev frå fire av dei hovudtillitsvalde og Tekna, og ynskte å klarlegge kva som ligg i det å forhandle om arealdisposisjon på dette tidspunktet i prosjektet.

Arbeidsgjevar sitt utgangspunkt har vært at medbestemminga er ivareteke gjennom brukarutval i K2, og at det er slik medverknad i byggesaker tidlegare har vore ivareteke.

NTL gjorde merksam på at brevet 9. september også handlar om nybygget i Haugesundsprosjektet. Vidare gjorde NTL merksam på at det i prosessen er hoppa over hovudavtalens § 19 kor det følgjar at disponering av areal skal forhandlast med organisasjonane.

Organisasjonsdirektør spør korleis organisasjonane tenkjer seg at forhandlingane skal føregå, og viser til at brukarutvalet og etasjeutvala skal vere med å evaluere og påverke korleis areala skal nyttast.

NTL seier dei ønskjer å forhandle om korleis areala skal disponerast.

FF seier at vi ikkje må køyre prosjekt utan at vi er medvite om at hovudavtalen er oppfylt. Det kan skje feil i prosessar, det er derfor viktig korleis vi då ivareteke prosessane. FF peikar da spesielt at dette må bli læringspunkt mot Haugesund. Må få til gode prosessar mot K2.

Knut Vindenes stiller spørsmål ved om tillitsvalde skal forhandle etter at brukarutvalet er ferdig.

NTL seier mandata til brukarutvala 1 og 2 har vore for snevre, og at ein person har trekt seg frå brukarutval 3. Vidare er det ikkje klarlagt kva som skal forhandlast i K2 i dette stadiet i byggeprosjektet.

IDF møte om «Prinsipper for tildeling av tid til forskning, innovasjon, faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid (FOUI/KU-tid) ved HVL»

Kl. 14-15.30 i styrerommet på K1

Til stades

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik
Gro Anita Fønnes Flaten,
Eirin Fausa Pettersen,
Trond Bratteli
Wenche Fjørtoft

Organisasjonsdirektør
Prorektor Forsking internasjonalsisering og innovasjon
Avdelingsleiar AFII (rett forkorting?)
Seniorrådgjevar AFII
Avdelingsleier HR

Arbeidstakar

Gjert Anders Askevold
Pål Albert Olsen
Ingrid Råheim Grønsdal
Kari Smørås Brakstad
Reidun Stavland
Eireen Finden

Forskerforbundet
Akademikerne
Utdanningsforbundet
Parat
Norsk sykepleierforbund
FO for NTL

Prorektor gjekk gjennom forlaget til retningsliner, som tek utgangspunkt i ein rapport utarbeida av ei oppnemnt arbeidsgruppe. SLG har handsama saka i to omgangar.

I SLG var det vanskeleg å få semje om eit detaljert system som gjelde for alle då det var stor skilnad mellom kompetanseprofilen på fakulteta. Detaljnivået i retningslinene vart teke ned i høve til forslaget som låg i rapporten frå arbeidsgruppa.

Viktige element i retningslinene er ;

- Førstelektor/førsteamanuensis og dosent/professor er likestilte mht forslag om ramme for tildelt FOUI/KU-tid
- Dekanen forvaltar tidsressursen. Det gir eit spelarom for fakulteta, og korleis dette skal vere.
- Handlingsplan for forskning og utvikling skal utarbeidast
- Sidestilling mellom forskning, innovasjon og kunstnarisk utviklingsarbeid
- Oppfølging av måloppnåing i medarbeidarsamtalen

Høyringsinnspela:

- Likestilling mellom professor og dosent, førsteamanuensis og førstelektor
- Har vi nok ressursar?
- Kva er utviklingsmuligheitene for høgskulelektor? Karrierevegen

UDF spør kva risiko og vinning det ligg i å delegere utøving av dette til fakulteta. Prinsipp som skal gje autonomi. Kva grenser finst for autonomien?

NSF spør om sjukdom i høve fou-tid, og kva fast tilsette får i fou-tid som er i løp viss dei blir sjukmeld.

Prorektor seier fakulteta skal levere forskning, formidling, undervising osv., og at vi må sørgje for at tilsette får nok tid. Vi har profesjonelle og store fakultet som tek ansvaret sitt. Når det gjeld rettleiing av phd er fakulteta ikkje samstemte mht praksis, nokon klassifiserer dette som forskning andre som undervising. Vidare bør vi ved sjukdom likestille undervising og forskning i arbeidsplanane.

Organisasjonsdirektør seier vi må prioritere ressursar til universitetsambisjonen, og at HVL bør opp i publisering per vitskapleg tilsett.

FF har fleire spørsmål:

- Dette er ei strategisk viktig sak for HVL og for tilsette. Kvifor går saka då til rektor og ikkje til styret?
- Har vi råd til dette, og kuttar vi flatt eller fordeler vi?
- Skal medarbeidarsamtale vere lønssamtale, FOU og elles det heilt vanlege? Kor mykje veit leiaren om FOU? Kor mykje kan vi trykke inn i medarbeidarsamtalen?

Akademikerene er bekymra for økonomien og spør om vi har råd.

Utdanningsforbundet spør om medarbeidarsamtalen blir obligatorisk for å få FOU-tid.

Prorektor seier det har vore diskusjonar i SLG og at det ikkje er naudsynt å ta saka til styret, mellom anna sett hen til kva detaljnivå ein skal invitere styret inn på. Styret handsamer saker på overordna prinsipielt nivå. Prorektor seier ho håpar at fakulteta tek rapporten med seg som råd, og seier fakulteta må prioritere kva dei skal bruke pengar på. Ho visar til at FLKI har gjort endringar, og at dei ser føre seg at dei kan implementere modellen.

FF påpeikar at det er ulik kompetanseprofil på fakulteta.

Organisasjonsdirektør seier FOU-tid og kompetanseutvikling er to ulike tildelingar, og at vi må prioritere tid til FOU for å innfri kompetansenivåa.

Prorektor seier det er ein sekk som fordelast ulikt ut frå situasjonen på fakulteta. Kompetanseheving, produksjon av publiseringspoeng, innhenting av eksterne midlar. Samanhengande tid til forskning er svært viktig. Næraste leiar har ansvar for å sjå til dette.

FF spør kva som regulerer tildeling når det står «inntil».

Prorektor seier fakulteta må operasjonalisere det, og at dette implementerast frå 2021. Ho seier vi må nytte omgrepet måloppnåing iht tildelt FoUI/KU-tid i medarbeidar samtalen.

FF seier medarbeidarsamtalen handlar om heile personen, også FOU. Medarbeidarsamtalar må alle leirar ta ansvar for.

UDF og NSF seier at den faste delen av FOU-en skal vere stabil, og ikkje berre avhengig av midlar. Førstestillingane får auka FOU-tid. UDF er bekymra for at dei tilsette må undervise mindre, og spør om det er mogleg å søkje om fritak frå FOU-tid for eit forskingssemester/år, og få overført dette til neste studieår.

NSF spør om FOU må ta frå undervising, og foreslår at man må rapportere FOU og at det vil få konsekvensar for tildeling viss tilsette ikkje prioriterer FOU-tida ein har fått.

Prorektor seier at forskning og utdanning må henge saman. Vi må ha ein strategi for å få dette til, og at det blir fleire førstestillingar. Det er ikkje nødvendigvis samanheng mellom tal timar til undervising og kvalitet i undervising. Det kan også gjerast endringar i undervisningsmetodar. Forskingstermin er noko vi bør sjå på.

FO seier det er viktig å kunne spare opp FOU-tida. Tilsette har måtte slette FOU-tida for pålagt overtid. HVL er avhengig av kompetanseheving også.

NSF seier det bør bli konsekvensar dersom det ikkje leverast på FOU, og at HVL bør tenke langsiktig.

FF seier vi må bruke måloppnåing i staden for resultatrapportering.

Tilsette har ikkje berre rett, men også plikt til å drive forskings og utviklingsarbeid.

Organisasjonsdirektør seier behov og økonomi må vere styrande. Dette er med å gje retning som skal gje trykk på ei utvikling.

Avdelingsleiar AFII seier at fakulteta sin autonomi skal ligge innafor rammene som er skissert.